

TEMA: Frå tjoðveg til riksveg Ⓓ84, Folkekunsten og bygdehandverket Ⓓ127

KART: Ⓔ440

# Sekse



## HESTEHANDLARAR OG DRIFTEKARAR

Ei av dei gamle slepa over Hardangervidda går opp frå ESPE. Her har det vore hestehandlarar i mange generasjonar. Sleppe over vidda – namnet tyder rett og slett «spor» – går attende til forhistorisk tid. Jern frå Telemark til vikinghovdingar i vest, hestar frå Hardanger, talg til sølvgruvane på Kongsberg – gjennom mange hundreår var Hardingslepa og søre Nordmannsslepa viktige transportårar (Ⓔ427). Driftekarane på 1700- og 1800-talet reiste gjerne i store flokkar med hestar eller med storfe, som fekk gå og beita i fjellet før dei vart førte til marknadsplassane austpå. Det var fleire gardar enn Espe ferdakarane tok ut frå: Odda, Sekse, Opedal, Huse, Tveisme, Bu, Eidfjord og Sima. Alle kom dei opp stølsvogane, frå ulike kantar: sørfjordingar, eidførar, ulvikar, vossingar og sogningar. I seinare hundreår var Store Nordmannsslepa austover frå Hadlaskard ein av hovudvegane.

Då den nye vegen over Haukeli kom på slutten av 1800-talet, stilna trafikken over Hardangervidda av.

Frå Espe, Sekse og Lofthus kom ein opp til dei sentrale driftevegane over Hardangervidda.

## SENGBUA FRÅ SEKSE

**Den velbygde sengebua som i dag står på Skredhaugen, kjem frå eitt av bruka på SEKSE. Bua vart bygd på midten av 1800-talet, og på ei av sine mange målarferder til Hardanger, har THOMAS LURAAS vore på Sekse og måla senger, dører og listverk i denne bua i sin lett kjennelege stil. Sengebua var ein bygning som eigaren gjerne la litt kostnad i. Dette var gjesterommet i huset; her hadde dei kister og stasklede.**

Det har stått mange slike sengebuer i vestlandsbygdene; få av dei er så oversådde med dekor på vegger og tak som oppstovene i Telemark. Og det var nok ikkje fordi bøndene på fjellgardane i Telemark hadde betre råd enn bøndene i Hardanger og Sunnhordland. Her kjem forskjellen i kultur og tradisjon inn. Skikken i fjordbygdene på Vestlandet, «røykstovebygdene», var ein annan enn i fjellbygdene i Telemark. □

Seksebua på Skredhaugen.



## AUSTMENN I FJORDBYGDENE

Dei omvandrande rosemålarane frå Telemark og Hallingdal var gjennom ein heil mannsalder årvisse gjester i fjordbygdene på Vestlandet. Dei var ein del av ei stor arbeidsvandring mellom bygdelaga; kramkarar, handverkarar, driftefolk og slåttekarar. Dei første rosemålarane frå Telemark dukka opp i Hardanger mot slutten av 1700-talet, men det var særleg frå 1820-åra at den store ekspansjonen kom. Kanskje mellom 30–40 % av rosemålarane i Telemark var ute og henta seg fortene i andre bygdelag. Mange var også med i sildefisket. Det gjaldt å henta pengar der det var pengar å tena.

Ein av dei som det har spunne seg flest soger omkring, er THOMAS LURAAS (1799–1866) frå Tinn i Telemark. Han førte eit eventyrleg og omflakkande liv og var med jamne mellomrom på målarferd til Hardanger og hordalandsbygdene i nærare 40 år, frå 1820-åra til 1860. Andre velkjende austmenn var BJØRN BJAALID (1791–1859), JON TORBJØRNSON GEISKELID (1798–1866) og HANS OLAVSSON GLITTENBERG. Dei var dyktige og etterspurde målarar og kom att år etter år, så lenge det var fortene i denne handverksproduksjonen.



Kiste måla av Bjørn Bjaalid, 1853.